

Informasjon frå ein vekstkommune i vest

Januar 2022



Geitvågja | Foto: Jorann Ingvatalsen



Klar for å leia kommunen

Johnny Breivik ser fram til å ta fatt på jobben som kommunedirektør i Øygarden frå 1. februar.



Vaksinerer for fullt

Vaksineteamet i Øygarden oppmodar folk om å takka ja til vaksine. Vi gjer det vi kan for å leggja til rette for eit godt vaksinetilbod for innbyggjarane våre.

Nominer ein frivillig kvar månad!

I 2022 skal heile Noreg feira Frivilligåret. Vi ønskjer å løfta fram ein frivillig i månaden gjennom heile året.



Ønskjer aktivitet på innbyggjartorga og biblioteka!

Er det noko du saknar på innbyggjartorga og biblioteka i dag? Har du lyst til å skipa til noko sjølv, eller bidra på andre måtar?





Vi har grunn til å vera optimistiske

Midt i ein situasjon med høge smittetal og smitteverntiltak kan det kanskje opplevast som litt merkeleg å starta med å seia at det er grunn til optimisme. Men utfordringane med pandemien skal ikkje få leggja nokon dempar på framtidstrua vår.

Vi skal gle oss over at vi er i full gang med vaksineringsdosen (dose tre). Det er forventning om at smitteverntiltaka vil gje effekt og reduserer talet på smitta og sjukehusinnleggingar. Vi er takksame for at innbyggjarane har støtta opp om både lokale og nasjonale krevjande tiltak.

Vi går no inn i det tredje året for den nye kommunen. Om to månader vil kommunestyret vedta samfunnsdelen til kommuneplanen. Denne overordna planen viser dei overordna måla for korleis kommunen skal vidareutviklast fram mot 2034. Vi har forventning til store prosjekt som er i gang eller som om kort tid startar opp. Døme på dette er karbonlagringsprosjektet i Energiparken, ny godshamn og Sotrasambandet.

For å utløysa det potensialet vi har i Øygarden, må innbyggjarane og dei andre som oppheld seg i kommunen, samarbeida om å byggja eit fyrtårn i vest. I Øygarden kommune er det rundt 2 800 tilsette som kvar einaste dag arbeider for at Øygarden kommune skal vera en god stad å bu og arbeida i.

Vi ønskjer alle eit godt nytt år!

Konstituert kommunedirektør Rune Landro og ordførar Tom Georg Indrevik



Kontakt aksjonscenteret

Aksjonscenteret på Øygarden lokalmedisinske senter er døra inn for eldre heimebuande og pårørande som har spørsmål knytt til tilbud og tenester frå kommunen, frivillige og private aktørar. Aksjonscenteret er eit kontaktpunkt for å få hjelp og støtte. Målet er at innbyggjarar med behov for støtte, skal kunna bu trygt og trivast lengre heime.

- Det vert koordinering av etterspurde tenester som vert leverte frå private, frivillige og offentlege aktørar. Vi får eit proaktivt informasjons- og aksjonscenter. Dette skal vera ei kjelde til innovasjon og kontinuerleg utvikling av tenestene, sa Tangen Alvsvåg under opninga av senteret 1. desember.

Inntil vidare er det Runhild Rokkan, Inger Fosse og Hege Tveit som innbyggjarane vil møta på telefon 55 09 70 00 (måndag til fredag kl. 08.00 - 15.00). Dei er godt kjende med tenestetilbodet og andre tilbud som eldre kan nytta seg av i Øygarden kommune.





Dethloffhytta, Rong | Foto: Trane Stockman-Rong

Vaksinerer for fullt

Vaksinasjon mot koronaviruset er i full gang i det nye året. Timar vert fordelte ut frå tildeling av vaksinedosar frå Folkehelseinstituttet. På nettsida til kommunen oygarden.kommune.no/vaksine kan du lesa meir om:

- Oppfriskingsdose
- Dose 3 til personar med nedsett immunforsvar
- Vaksinerer av barn og unge; 5-11 år med nedsett immunforsvar, 12-18 år inkludert dei med nedsett immunforsvar
- Vaksinerer av risikogrupper
- Tilrettelagt lokale i Sotra Arena
- Vaksinetilråding for menn under 30 år
- Drop-in-vaksinerer
- Vaksinerer på apotek

Øygarden kommune tilbyr heimevaksinerer for spesielle grupper og vaksinerer på institusjonar og kommunale bustader.

Vi har eit skjerma område i Sotra Arena for personar som treng det. Dette kan gjelda personar med til dømes angst, sprøyteskrek eller andre utfordringar. Ta anten kontakt med vaksinetelefonen eller gje beskjed når du kjem til vaksinasjon.

Vaksineteamet i Øygarden oppmodar folk om å takka ja til vaksine.

Dersom du skulle fått tilbod om vaksine, men ikkje har motteke SMS, ikkje nøl med å ta kontakt med vaksinetelefonen. Vi gjer det vi kan for å leggja til rette for eit godt vaksinetilbod for innbyggjarane våre.

Vaksinetelefon: 56 16 00 10 (tast 2)



Kurs i regi av Rask psykisk helsehjelp

Rask psykisk helsehjelp vert hovudsakleg gjeve i form av kurs, eller kurs i kombinasjon med inn til 5 timar individuell oppfølging. På [nettsida til kommunen](https://oygarden.kommune.no) finn du kursoversikt, søknadsskjema, meir informasjon og datoar.

Oversikt over kurs:

- Frisk pust
- Meistring av depresjon, stress og belastning (DSB)
- Aksept for det som er
- Søvnkurs
- Intensiv traumebehandling
- Drop-in panikk

Kystpasset

Bli kjend med den flotte naturen i Øygarden kommune. Kystpasset gjev deg turar frå Hellesøy i nord til Lerøy heilt sør i kommunen.

Du kan henta [Kystpasset](#) i daglegvarebutikkar, på bensinstasjonar og innbyggjartorga/biblioteka i kommunen.

Du kan også lasta ned Kystpasset og sjekka deg inn på turmåla via UT appen.

Nytt kystpass kjem i april 2022.



Nominer ein frivillig kvar månad!

I 2022 skal heile Noreg feira Frivilligåret. Øygarden kommune nyttar høvet til å gje ein ekstra takk til det frivillige og den fantastiske innsatsen dei frivillige gjer i kommunen vår!

Saman med ordførar ønskjer vi å løfta fram ein frivillig i månaden gjennom heile året. Har du eller ditt lag nokon som fortener tittelen månadens frivillig og litt ekstra merksemd, så kan du nominera dei her: oygarden.kommune.no/frivillig



Illustrasjonsfoto: Statens vegvesen

Klar for å leia kommunen

Johnny Breivik ser fram til å ta fatt på jobben som kommunedirektør i Øygarden frå 1. februar.

- Eg vil i starten prioritera å verta kjend med organisasjonen, dei tilsette og tenestetilbodet i Øygarden kommune, seier Breivik som tek over som øvste administrative leiar etter Rune Landro som har vore konstituert i stillinga sidan mai 2021.

Johnny Breivik (54) kjem frå stillinga som direktør i Bergen Havn AS. Tidlegare har han mellom anna vore dagleg leiar i B Telle Trearbeid AS og brannsjef i Bergen. No skal han leia dei 2 800 tilsette i den nest største kommunen i Vestland.

- I åra som kjem skal situasjonen etter koronapandemien normaliserast, den nye kommunen skal endeleg utformast og vi skal leggja til rette for det grøne skiftet. Med kompetansen som finst i både kommunen og det lokale næringslivet, ligg alt til rette for at Øygarden kan ta ei leiande rolle i denne omstillinga. Den komande samfunnsplanen, og oppfølginga av planen, vil difor vera avgjerande for utvikling av både næringslivet og samfunnet elles, seier den påtroppande kommunedirektøren.

Johnny Breivik ønskjer at innbyggjarane, næringslivet og det frivillige arbeidet skal oppleva at Øygarden kommune er til for dei.

- Vi må leggja til rette for innovasjon kombinert med gode tenester for innbyggjarane, seier han.

Den nye kommunedirektøren veit at det frå første dag er mange oppgåver som ligg og ventar. Han vil likevel bruka ein del av tida til å verta kjend med kommunen.

- Eg ønskjer å møta dei tilsette i dei ulike einingane. Eg veit at det er mange, også utanfor kommuneorganisasjonen, som ønskjer å møta meg som leiar. Men den første tida må eg prioritera å verta kjend med tenestetilbodet i Øygarden og dei som står i denne viktige jobben kvar einaste dag, seier Johnny Breivik.

Startar arbeidet med Sotrasambandet i 2022

I februar underteiknar Statens vegvesen kontrakt med OPS-selskapet Sotra Link for bygging av Sotrasambandet.

Det førebuande arbeidet startar i løpet av 2022. Arbeidet med anlegget vert sett i gang for fullt i 2023, og det nye vegsystemet skal stå klart til bruk innan 1. juni 2027. På det meste vil Sotra Link sysselsetja tusen personar på anlegget. Sotra Link skal byggja 9,4 kilometer ny riksveg på strekninga frå Kolltveit i Øygarden til Storavatnet i Bergen.



Sotrabrua | Foto: Alf Alden



Bygdebøker frå Fjell og Sund

Til sals hjå bokhandlarar
og innbyggjartorga!

[OYGARDEN.KOMMUNE.NO/BYGDEBOKER](https://oygarden.kommune.no/bygdeboker)



Angeltveitsjøen | Foto: Alf Alden

Kulturnytt

- Vi inviterer til FrivilligForum 17. mars kl. 18.00 i kultursalen i Øygarden rådhus på Straume. Der går vi gjennom tilskotsordningar i kommunen, bookingløysinga vår, nasjonale støtteordningar og tilbod i frivilligsentralen.
- Våren 2022 vert to nye dagsturhytter bygd i Øygarden, ei på Vetten og ei på Blomvågsneset. Kommunen annonserer på nettsida til kommunen, Facebook og i Vestnytt når datoane er klare.
- I tillegg vert det opning av to kunstprosjekt på utvalde turstiar i kommunen når det nærmar seg tidleg sommar.

Nyttige nettsider:

- Ønskjer du å bestilla lokale i kommunen? aktivest.no
- Øygarden frivilligsentral har fått ny nettside oygarden.frivilligsentral.no
- Ønskjer du å vera med på frivillig aktivitet? frivillig.no for å finna aktivitetar.
- Øygarden kulturskule: oygarden.kommune.no/kulturskule



Friskliv og meistring tilbyr fleire kurs- og treningstilbod til deg som ønskjer å endra vanar, betra helse, ha ein betre kvardag med sjukdom eller helseutfordringar, eller som ønskjer å slutta å røykja eller snusa.

Kurstilbod: Bra mat, Leva godt med KOLS, meistringskurs: Livet i bevegelse, Livsstilskurs, Tobakksfri og familiekurs: Vanar for livet.

Treningstilbod: Spinning og styrketrening i sal, Gågruppe, Styrke intro, Livsstil kondisjon, Livsstil styrke og Yogakurs.

Sosiale medium: Følg Friskliv og meistring på Facebook og Instagram for inspirasjon og idear for gode kvardagar.

På nettsida til kommunen finn du meir informasjon om [kursa/ treningstilboda](#), [kurskalender](#), [pris](#), [påmelding/frisklivsresept](#) m.m.



Søknad om opptak i kommunale og private barnehagar 2022/2023

Søknadsskjema finn de på [nettsida til Øygarden kommune under barnehageplass](#). Dei som kjem inn under reglane for å kunna søkja om prioritert plass, må senda inn dokumentasjon. Barn som har plass eller står på søkjarlista, treng ikkje søkja på nytt. Ønskjer de overføring frå ein barnehage til ein annan, finn de søknadsskjema på nettsida til kommunen. **Søknadsfrist 1. mars 2022.**



Kommunen skal låna ut 85 millionar i 2022

Kjenner du nokon som ikkje får lån i vanleg bank, men som har økonomi til å betena eit bustadlån? Tips dei om startlån frå kommunen og Husbanken!

Startlån er ei målretta ordning mot innbyggjarar i Øygarden med langvarige bustad- og finansieringsproblem. Det er ei behovsprøvd låneordning som skal nå fram til dei personane som er vanskelegast stilt på bustadmarknaden, og som samstundes har økonomisk evne til å betena eit lån. [Les meir om Startlån og send inn søknad på heimesida til kommunen.](#)



Arrangement i regi av Øygardsbiblioteka

Monsterbesøk i dagsturhytta!

Monster i Larslibua? Kan det stemma? Jau. Etter det vi har høyr, vert det monster å sjå i dagsturhytta laurdag 29. januar. Om det er Veslemonster eller Storemonster, Raggmonster eller kanskje alle tre? Det veit vi ikkje, men dei som tek turen til Larslibua i Kyrkjevegen laurdag 29. i januar får sjå. Framsyninga startar klokka 12.00.

«Monsterbesøk» er figurteater, og framsyninga er laga av Adele Duus. Påmelding til Øygardsbiblioteka «Monsterbesøk» er eit samarbeid med Bibliotekutvikling Vestland.



Litterær lunsj - Straume bibliotek

Torsdag 27. januar kl. 12.00 inviterer vi til den første litterære lunsjen i Øygardsbiblioteka dette året. Denne gong er det Haldis og Lisbeth som står for servering av boktips. Det vert servert kaffi, te og litt å bita i.

Torsdag 24. februar kl. 12.00/
18. mars kl. 19.00:

Presentasjon av Om skam, uttrykk for skam og korleis skam er knytt til depresjon v/stipendiat/forskar Marte Bygstad-Landro og brukarrepresentant Herman Steffensen

Fru Natt

Velkomen til ei ny framsyning med og av scenekunstnar Maria Aasebø Rønhovde. Dette er for barn frå tre år. Dette er ei innhaldsrik og varm framsyning med leik, musikk og spanande rekvisittar i fokus. Påmelding for barnehagegrupper.

- Torsdag 3. februar
Rong bibliotek kl. 10.00
- Fredag 4. februar
Straume bibliotek kl. 10.00
- Fredag 11. februar
biblioteket i Skogsskiftet kl. 10.00

RytmeLAB

Velkomen til konsert, trommeverkstad og trommemaking!
Stad: Straume bibliotek
Tid: Laurdag 5. februar kl.12-14
Pris: Gratis
Påmelding: abu@adonaba.com eller telefon 916 84 519
Arr: Abu Adonaba, i samarbeid med Øygardsbiblioteka



Strikkekafe på Straume

Velkomen til strikkekafe på Straume annankvar onsdag kl. 14.30 – 17.30.
Då samlast ein gjeng med ivrige "strikkaarar" til ein strikkekafe på biblioteket på Straume.

Kokobananas til Øygardsbiblioteka!

Bli med inn i forteljaren bak universet til Kokobananas! Kokosbananas er ein liten oppfinnar som bur i den koselege bygda Nøttvik med familien sin Mamma Banana.

- Fredag 18. mars
Rong bibliotek kl. 12.00
- Laurdag 19. mars
Straume bibliotek kl. 12.00
- Laurdag 19. mars
biblioteket i Skogsskiftet kl. 14.00



Språkkafé på Straume

Språkkaféen på Straume bibliotek skal vera ein sosial møteplass for innvandrarak som ønskjer å praktisera norsk munnleg. Det er ope for alle, og tilbodet er gratis! Kvar tysdag kl. 13.00 - 14.30.

Språkkaféen er eit sosialt og kjekt tilbod både for den frivillige og for deltakarane.

Vil du vera frivillig på språkkafé? Ta kontakt på e-post frivillig@oygarden.kommune.no eller på telefon 56 16 02 28.



Bildøyna | Foto: Charlotte Kårtveit



Kleppesjøen | Foto: Helena Viktora Johnsen



Utdrag frå budsjettet 2022

Den 16. desember vedtok Øygarden kommunestyre budsjettet for 2022 og økonomiplan for 2022-2025. Her er nokre utdrag frå budsjettet.

- Driftsbudsjettet har ei bruttoramme på 2,9 milliardar kroner og er vedteken i balanse.
- I 2022 vil gebyra for vatn auka med 0,7 prosent, medan avlaup vil stiga med 4,1 prosent. Tømming av private tankar (slamavskiljar) vert redusert med 13,2 prosent, og renovasjon aukar med 20,3 prosent.
- Endringar på framlegget frå kommunedirektøren:

- Reduksjon i generelt nedtrekk til Oppvekst	5,5 mill. kr
- Oppstart etablering av 10 senger Øygarden lokalmedisinske senter mot slutten av 2022 for korttid/utskrivingsklare pasientar	6,0 mill. kr
- Opptopping heimesjukepleien	2,0 mill. kr
- Auke av dagaktivitetstilbod til demente	0,5 mill. kr
- Sommaraktivitetar for barn med særlege behov	0,5 mill. kr
- Tiltak for menneske med funksjonsnedsetjing, dagtilbod	0,5 mill. kr
- Tur for 10. klassane	1,05 mill. kr

Investerer for 174 millionar kroner i 2022

Dei største investeringspostane er teknisk servicebygg i Skogsskiftet, Grønmyrsvegen/sentrumsgate, rehabilitering Fjell kyrkje, infrastruktur Blomvåg, samferdsle, ny skule vestsida, ombygging og rehabilitering bygg, modulbygg Kolltveit skule, Chromebox, velferdsteknologi, ombygging av Tednebakkane omsorgssenter og IKT.

Kva skal skje på innbyggjartorga og biblioteka i resten av 2022?

Innbyggjartorga og biblioteka skal vera det naturlege kulturelle aktivitetspunktet på Rong, i Skogsskiftet og på Straume. For å få til eit godt innhald og program ønskjer vi å høyra frå deg som innbyggjar. Kva aktivitetar og arrangement ønskjer du? Er det noko du saknar på biblioteka og innbyggjartorga i dag? Har du lyst til å skipa til noko sjølv, eller bidra på andre måtar?

Ring oss på telefon 56 16 00 00 eller skriv til oss på nettsida oygarden.kommune.no/kvaskalskje

Nett-TV: Møta i formannskapet, kommunestyret, dei tre utvala og kontrollutvalet vert strøyma og lagt ut på kommune-TV på nettsida til kommunen.



Vedtek samfunnsdelen til kommuneplanen i mars

Kommunen har arbeidd med samfunnsdelen til kommuneplanen gjennom heile 2021. Både næringsliv, innbyggjarar, lag og organisasjonar og andre aktørar har bidrege med viktige innspel. Planen har vore på høyring fram til 12. januar 2022, og skal sluttbehandlast i kommunestyret 24. mars. Etter at samfunnsdelen er vedteken startar arbeidet med ny arealdel til kommuneplanen. Arealdelen skal følgja opp mål og strategiar i samfunnsdelen. Følg med på [nettsidene til kommunen](http://nettsidene.til.kommunen) for meir informasjon om planprosessen og korleis du kan engasjera deg.



Arefjord | Foto: Alf Alden

Har du stoff til bygdebøkene for gamle Øygarden?

Arbeidet med bygdebøker for gamle Øygarden kommune er godt i gang. Forfattarane arbeider med både allmennhistorie og gards- og slektshistorie.

Vi treng både meir slektsinformasjon, forteljingar, historier og livsskildringar som kan gje lesarane større kunnskap om folket i Øygarden i ulike tider. Vi treng i tillegg fleire gamle fotografi som kan brukast som illustrasjonar i bøkene.

Ta gjerne kontakt med:

- **Kjell Alvheim** (når det gjeld slekts- og familieinformasjon)
E-post: kjell.alvheim@gmail.com
Telefon: 951 01 680)
- **Magne Blom** (når det gjeld foto)
E-post: magne.blom@gmail.com
Telefon: 952 22 801)



Matpause i torvonna på Tjeldsto 1941
Foto: Berhard Garatun-Tjeldsto, eigar UiB



Gamle Hjelme kyrkje vart bygd i 1875
Foto: Nasjonalbiblioteket



Hernar
Foto: Olaf Schumann Olsen



Opningstider innbyggjartorg/ bibliotek

Sartor Storsenter:

- Måndag 10.00 – 16.00
- Tysdag 10.00 – 16.00
- Onsdag Stengt
- Torsdag 12.00 – 19.00
- Fredag 10.00 – 16.00
- Laurdag 10.00 – 15.00

Sund Senter og Rong Senter:

- Måndag, onsdag, fredag og laurdag: Meiroke (ubetjent)*
- Tysdag 10.00 – 16.00
- Torsdag 12.00 – 19.00

*Meiroke (ubetjent): Innbyggjarar kan få tilgang til innbyggjartorga/ biblioteka i opningstida til sentera gjennom å inngå eigen avtale.

Sentralbordet (tlf. 56 16 00 00) er ope frå kl. 09.00 til 15.00 måndag til fredag.

Informasjon på denne brosjyren kan verta endra. Du finn oppdatert informasjon på nettsida til kommunen.

Copyright - Øygarden kommune
januar 2022

Trykk: Bodoni | Opplag: 15.000

Tekst: Vagleik Brekke

Grafisk utforming: Monica Hovland